



Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

28 AUG 2015

Askøy kommune
v/ Mundheim
Boks 323
5323 KLEPPESTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:
2015/106150-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.08.2015

Uttale vedrørende søknad om dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i Plan 193 Nedre Lindhaugen

Vi viser til brev frå Askøy kommune av 26.08.15, der vi er beden om å gje uttale vedrørende aksept av dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i reguleringsplan for Nedre Lindhaugen, Plan 193.

Statens vegvesen var i veke 34 i møte med Husa Eiendom og advokatfirmaet Kyrre i samband med rekkjefølgjekrav i Plan 193. Slik vi har forstått det har Husa Eiendom søkt om dispensasjon frå rekkjefølgje kravet om opparbeiding av fortau fram til skule for i alt 16 bueningar.

Ved arbeid med reguleringsplan 193 har det heile tida vore viktig at ein kunne få etablert eit samanhengande tilbod til mjuke trafikantar i form av gang og sykkelveg, slik at ein kunne ta seg trygt og effektivt fram til både skule og fritidsaktivitetar. Situasjonen er no den at Askøypakken skal realisere tiltak etter reguleringsplan 408 frå Lindhaugen til Slettebrekkli. I realiteten skal Askøypakken då mellom anna byggje gang og sykkelveg frå krysset mellom Fv 212 og Fv 213 fram til eksisterande gang og sykkelveg ved Slettebrekkli. Dette vil gje eit samanhengande tilbod til mjuke trafikantar frå Strusshamn og fram til Follese skule.

Det som no er planlagt er at Askøypakken tek sikte på å ha sitt prosjekt ferdig i siste halvdel av 2016. Vi forstår det slik at Husa eigedom tidsmessig vurderer å ha sitt bustadprosjekt klart til innflytting omtrent samstundes. Vi ser vidare at det kan oppstå noko differanse i tid når det gjeld ferdigstilling av prosjekta, men ikkje meir enn nokre månadar. Mellombels gang og sykkelveg vil bli etablert på strekning av Askøypakken i ein eventuell slik situasjon. Dette vurderer vi til å kunne fungere tilfredstillande for ein kortare periode.

All den tid at Askøypakken no skal byggje gang og sykkelveg frå kryss Fv 213/212 og fram til Slettebrekkli i sama tidsrommet som Husa eigedom skal realisere delar av sitt bustadprosjekt, samt at tid for ferdigstilling ser ut til å samanfalle, kan Statens vegvesen stille seg positiv til at kommunen gjev dispensasjon frå rekkjefølgjekravet som gjeld gang og sykkelveg i Plan 193. Vegarbeidet til Askøypakken vil oppfylle rekkjefølgjekravet i Plan 193, som omhandlar gang og sykkelveg fram til skule.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Sigmund Bødal
Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Hordaland fylkeskommune